



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval		19.03.2014

17/1 - Garvik Hyttegrend - Morten Garvik - Mindre endring av reguleringsplan

Saksdokument: Søknad dat. 03.07.13

Sit.kart/kopi av reg.planen.
Kvitt. for nabovarsel.

Vedlegg:

- 1 17/1 - Garvik Hyttegrend - Svar frå Telemark fylkeskommune om mindre endring av reguleringsplan
- 2 17/1 - Garvik Hyttegrend - Fylkesmannen i Telemark - Mindre reguleringsendring

Saksutgreiing:

Planutvalet handsama i møte 21.08.13, sak 31/13, søknad frå M.Garvik om ending av reg.planen for Garvik hyttegrend. Dette med bakgrunn i søknad om bygging av veg til ein hytteeigedom som ligg ved Seljordvatnet.

Utvalet gjekk inn for å godkjenne søknaden, men før endeleg vedtak måtte det sendast nabovarsel og saka sendast Fylkesmannen og Fylkeskommunen til uttale.

Desse tinga er no ordna, og det har ikkje kome merknad frå nokon av naboane. Fylkesmannen skriv i sitt brev at dei meiner, utfrå topografi og eksponering, at den planlagte vegen vil potensielt vil kunne medføre negative landskapsvirkningar. Dette er sagt som eit fagleg råd. Fylkesmannen skriv i sitt brev at tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande reg.plan, men dei har ingen merknad til endringa.

Utfrå vedtaket i PU 21.08.13 og uttalene som har kome inn, vil rådmannen tilrå at søknaden vert imøtekomen.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen tilrår at Plan, miljø og teknisk utval gjer følgjande vedtak:

Plan, miljø og teknisk utval godkjenner endring av reguleringsplanen for Garvik hyttegrend i tråd med søknad dat. 03.07.13.

Før bygging av vegen må det sendast inn byggemelding på vanleg måte.

Utskrift til:

SØK

Morten Garvik, Garvikstrondi, 3840 SELJORD